

Region Nordhordland IKS - Styret si årsmelding 2022

Type verksemd og lokalisering

Region Nordhordland IKS er eit interkommunalt selskap som er eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Selskapet har kontor i Knarvik.

Strategiske planar legg til grunn at selskapet skal jobba med marknadsføring av regionen, betring av kommunikasjonane, nærings- og arbeidsplassutvikling, og generelt jobba for meir effektiv forvaltning og tenesteproduksjon for kommunane gjennom interkommunalt samarbeid m.v. Konkrete oppgåver selskapet utøver vert bestilt av Regionrådet Nordhordland, eller kommunedirektørutvalet i Nordhordland. Saker av større økonomisk betydning for medlemskommunane vert handsama av kommunestyra.

Dei største og viktigaste oppgåvene selskapet elles har jobba med i 2022 er:

- Nordhordland Unesco biosfæreområde, her vert brukt tre årsverk, og det er set i verk mange ulike oppgåver og prosjekt.
- Samhandling i helsesektoren med ulike prosjekt som fag- og tenesteutvikling i og rundt Region Nordhordland Helsehus, arbeidet med ny organisering helsefelleskap mellom kommunane og helseføretak, EUVECA (EU-prosjekt) og prosjekt digitalt samkonsultasjon.
- 20-30 løpande prosjekt innan digitalisering og innovasjon i eigarkommunane og for kommunane Aurland, Austevoll og Samnanger.
- Sekretariatsfunksjon for kontrollutval for sju kommunar.
- Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Dette er eit arbeid som etter planen kjem til å vara ut 2023.
- Prosjekt «Rekruttering av helsefagarbeidarar»
- Det har og vore arbeidd med andre viktige og strategiske oppgåver som t.d. E39 Vågsbotn-Klauvaneset, kraftforsyningsssituasjonen i Nordhordland, regional næringsstrategi og arbeid med diverse høyringsuttalar.
- Selskapet utfører sjølv administrative oppgåver som fylgjer av det å vera eit selskap, t.d. rekneskapsfunksjon.
- Administrativ oppgåver med Region Nordhordland Helsehus gjennom eit samarbeid med søsterselskapet Region Nordhordland Helsehus IKS. I tillegg har selskapet også i 2022 brukt mykje ressursar på oppfølging av ferdigstilling av tekniske anlegg, reklamasjonsarbeid m.v. Dette vil også vera ressurskrevjande i 2023.

Rekneskapsmessig resultat

Rekneskapan viser eit mindreforbruk på kr 423 393,-. Styret foreslår at mindreforbruket vert overført til disposisjonsfondet. Drifta er finansiert av medlemsavgift frå eigarkommunane og prosjektinntekter. Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettvisebilete av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Likestilling/HMS

Selskapet har 15 tilsette (14,45 årsverk) pr. 31.12.2022 fordelt på ni kvinner og seks menn. Det er ikkje gjort spesielle likestillingstiltak. Det er ikkje registrert skader på dei tilsette i 2022.

Arbeidsmiljø

Det sosiale arbeidsmiljøet vert rekna som godt.

Påverknad av det ytre miljø

Verksemnda har ikkje vore til last for det ytre miljø. Det har vore normal avfallsmengd og ingen ureinande tiltak frå verksemnda si side.

Grunnlag for fortsatt drift

Etter styret si vurdering er det grunnlag for fortsatt drift av verksemnda.

Knarvik, 16. mars 2023



Håkon Matre
Styreleiar



Kari Torkildsen Utkilen
Styremedlem/nestleiar



Aashild Halland
Styremedlem



Rune Heradstveit
Dagleg leiar